

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Møterom 425 Sunnhordland i 4. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 02.05.2016  
**Tidspunkt:** kl. 10:00 – 15.50

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Navn                             | Funksjon  | Representerer |
|----------------------------------|-----------|---------------|
| Inge Reidar Kallevåg             | Leiar     | H             |
| Kristian Helland                 | Nestleiar | FL KRF/SP     |
| Åse Gunn Husebø                  | Medlem    | A             |
| Sara Økland, t.o.m. sak PS 60/16 | Medlem    | FRP           |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

| Navn           | Funksjon | Representerer |
|----------------|----------|---------------|
| Terje Kollbotn | Medlem   | R             |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Navn     | Møtte for      | Representerer |
|----------|----------------|---------------|
| Frank Mo | Terje Kollbotn | R             |

**Merknader**

**Frå administrasjonen møtte:**

| Navn                    | Stilling   |
|-------------------------|--|
| Rune Haugsdal           | Fylkesrådmann, sak PS 47/16 – 49/16              |
| Ingrid Holm Svendsen    | Fylkesdirektør økonomi og organisasjon, PS 47/16 |
| Nils Vetlesand          | Økonomisjef, sak PS 47/16 – 49/16                |
| Tor Sjøvoll             | Fylkeskasserar, sak PS 47/16                     |
| Helge Roald Johnsen     | Partner, Deloitte, t.o.m. sak PS 49/16           |
| Espen Hordvik           | Reknesaksrevisor                                 |
| Line Margrethe Johansen | Forvaltningsrevisor                              |
| Hogne Haktorson         | Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet    |
| Roald Breistein         | Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet |

Inge Reidar Kallevåg  
utvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Sakliste**

| <b>Utvals-saknr</b> | <b>Innhald</b>  | <b>Arkiv-saknr</b> | <b>U.Off.</b> |
|---------------------|---|--------------------|---------------|
| PS 45/16            | Godkjenning av innkalling og sakliste   |                    |               |
| PS 46/16            | Godkjenning av møtebok frå forrige møte   |                    |               |
| PS 47/16            | Årsrekneskap og årsmelding 2015 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet                    | 2014/10498         |               |
| PS 48/16            | Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar - Fylkesrådmannen orienterer                                   | 2014/10498         |               |
| PS 49/16            | Nota frå Deloitte i høve mogleg interessekonflikt   | 2015/12605         |               |
| PS 50/16            | Kort status i arbeidet ved Deloitte - Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020     | 2015/11179         |               |
| PS 51/16            | Kort status i arbeidet ved Deloitte - Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020         | 2015/11183         |               |
| PS 52/16            | Forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar - Revisjonsrapport                                       | 2015/8847          |               |
| PS 53/16            | Forvaltningsrevisjon av skuleskyss - Revisjonsrapport   | 2015/8848          |               |
| PS 54/16            | Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Status i arbeidet ved Deloitte | 2015/8849          |               |
| PS 55/16            | Årsmelding for kontrollutvalet for 2015   | 2014/10504         |               |
| PS 56/16            | Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring  | 2014/10536         |               |
| PS 57/16            | Forvaltningsrevisjon av NDLA II - Status i arbeidet ved Deloitte  | 2015/2073          |               |
| PS 58/16            | Forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland - Status i arbeidet ved Deloitte       | 2016/1940          |               |
| PS 59/16            | Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet  | 2016/4239          |               |
| PS 60/16            | Gjennomgang av møteprotokollar  | 2015/11023         |               |
| PS 61/16            | Referatsaker  |                    |               |
| RS 21/16            | Skatt mars 2016   | 2015/12603         |               |
| RS 22/16            | Invitasjon til seminarer om forslaget til ny kommunelov   | 2014/10539         |               |
| RS 23/16            | Revisjonsuttale 2015  | 2014/10498         |               |
| RS 24/16            | Rekneskapsrapport pr. februar 2016  | 2016/4239          |               |
| RS 25/16            | Større saker til politisk behandling 1. halvår 2016 – pr. april   | 2015/10845         |               |
| RS 26/16            | Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. april 2016                                   | 2015/10348         |               |
| RS 27/16            | Varslingsutvalet - Årsrapport 2015  | 2016/2330          |               |
| RS 28/16            | Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune pr april 2016  | 2016/1829          |               |
| RS 29/16            | Kvam kontrollutvalet partsbrev PS 1616 Selskapskontroll av Hardanger AKS AS - Revisjonsrapport              | 2015/943           |               |
| PS 62/16            | Eventuelt   |                    |               |

## **PS 45/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

## **PS 46/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Vedtak**

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

## **PS 47/16 Årsrekneskap og årsmelding 2015 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 31.08.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2015 nr. 15 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2015.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Handsaming i møte**

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, fylkesdirektør økonomi og organisasjon, Ingrid Holm Svendsen, økonomisjef, Nils Vetlesand og fylkeskasserar, Tor Sjøvoll, presenterte årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2015 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner. Helge-Roald Johnsen og rekneskapsrevisor, Espen Hordvik, presenterte resultatet av den gjennomførte revisjon av årsrekneskapen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 i delar av Deloitte si orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 31.08.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2015 nr. 15 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2015.

## **PS 48/16 Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar - Fylkesrådmannen orienterer**

#### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Handsaming i møte**

Fylkesrådmann Rune Haugsdal og økonomisjef Nils Vetlesand presenterte redigert versjon av rutinar for tilrettelegging av attestasjonar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart det gjort slikt vedtak.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

**PS 49/16 Notat frå Deloitte i høve mogleg interessekonflikt****Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016****Handsaming i møte**

Partner i Deloitte, Helge-Roald Johnsen, orienterte om mogleg interessekonflikt i høve busselskap og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at partner Helge-Roald Johnsen går ut som revisor i, enten Hordaland fylkeskommune, eller i det aktuelle busselskapet. Saka vert å kome tilbake til i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Saka vert å kome tilbake til i neste møte.

**PS 50/16 Kort status i arbeidet ved Deloitte - Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber Deloitte ta med seg i det vidare arbeidet dei innspele som kom fram i møtet og tar informasjonen så langt til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016****Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med analysen som skal danne grunnlaget for forslag til plan for forvaltningsrevisjon og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet ber Deloitte ta med seg i det vidare arbeidet dei innspele som kom fram i møtet og tar informasjonen så langt til orientering.

**PS 51/16 Kort status i arbeidet ved Deloitte - Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber Deloitte ta med seg i det vidare arbeidet dei innspele som kom fram i møtet og tar informasjonen så langt til orientering.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen fra Deloitte orienterte om status i arbeidet med analysen som skal danne grunnlaget for forslag til plan for selskapskontroll og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet ber Deloitte ta med seg i det vidare arbeidet dei innspel som kom fram i møtet og tar informasjonen så langt til orientering.

## **PS 52/16 Forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjoner, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynde blir formalisert.
2. Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nyttet i samsvar med forskrift og retningslinjer fra KMD, under dette at midlane ikke blir nyttet til drift av næringsverksemeld eller organisasjoner.
3. Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane inneholder informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.
4. Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.
5. Sikre at all kommunikasjon med søkerar, som har betydning for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.
6. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.9.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen fra Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av regionale utviklingsmidlar og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønsker at hovuddelen i punkt 5 i rapporten fra Deloitte skal inn i innstillinga som nytt på 5, og at frist for å lage handlingsplan vert endra til 1.10.16.

Forslag til innstilling med desse endringane vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjoner, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynde blir formalisert.
2. Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nyttet i samsvar med forskrift og retningslinjer fra KMD, under dette at midlane ikke blir nyttet til drift av næringsverksemeld eller organisasjoner.
3. Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane inneholder informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.
4. Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.
5. Vurderer å tydeleggjere og formalisere sakshandsamingsrutinane ytterlegare, samt etablere kontrollmekanismar i sakshandsaminga for å sikre at krav i regelverk og interne rutinar blir etterlevd i praksis.
6. Sikre at all kommunikasjon med søkerar, som har betydning for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.
7. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å

følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **PS 53/16 Forvaltningsrevisjon av skuleskyss - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av skuleskyss ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:
  - a) Tydeleg avklart ansvarsdeling mellom Skyss og samferdselsavdelinga, mellom Skyss og kommunar og mellom Skyss og operatørar som Skyss har kontrakt med.
  - b) Tydeleg avklarte arbeidsoppgåver og ansvarsdeling for arbeidet med skuleskyss internt i Skyss.
  - c) Oppdaterte prosedyrar, retningsliner og rutinar for arbeidet med skuleskyss som blir revidert jamleg.
  - d) System for registrering og handsaming av klager.
2. Etablere system og rutinar for samhandling med kommunane i samsvar med krav i regelverk og interne skildringar.
3. Gjennomføre jamlege økonomiske analysar som kan leggast til grunn for ei realistisk budsjettering av forvaltninga av skuleskyss.
4. Gjennomføre tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg kostnadseffektivt skysstilbod, under dette
  - a) Betre heilskapleg planlegging av skysstilbodet
  - b) Betre oppfølging av operatørar
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.9.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av skuleskyss og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får til saman inntil 30 minuttar til å presentere desse tre revisjonsrapportane i fylkestinget 14. – 15.6.16:

- Selskapskontroll av Hardanger AKS AS
- Forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar
- Forvaltningsrevisjon av skuleskyss

Kontrollutvalet ønskjer at frist for å lage handlingsplan vert endra til 1.10.2016.

Forslag til innstilling med denne endringa vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av skuleskyss ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:
  - e) Tydeleg avklart ansvarsdeling mellom Skyss og samferdselsavdelinga, mellom Skyss og kommunar og mellom Skyss og operatørar som Skyss har kontrakt med.
  - f) Tydeleg avklarte arbeidsoppgåver og ansvarsdeling for arbeidet med skuleskyss internt i Skyss.
  - g) Oppdaterte prosedyrar, retningsliner og rutinar for arbeidet med skuleskyss som blir revidert jamleg.
  - h) System for registrering og handsaming av klager.
2. Etablere system og rutinar for samhandling med kommunane i samsvar med krav i regelverk og interne skildringar.

3. Gjennomføre jamlege økonomiske analysar som kan leggast til grunn for ei realistisk budsjettering av forvaltninga av skuleskyss.
4. Gjennomføre tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg kostnadseffektivt skysstilbod, under dette
  - c) Betre heilskapleg planlegging av skysstilboden
  - d) Betre oppfølging av operatørar
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **PS 54/16 Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

1. Revisjonsrapport vert å levere sekretariatet innan .....2016.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Revisjonsrapport vert å levere sekretariatet innan 8.8.2016.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering

## **PS 55/16 Årsmelding for kontrollutvalet for 2015**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2015 for kontrollutvalet.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Handsaming i møte**

Det vart gjort nokre redigeringsmessige endringar i teksten.

Med desse endringane vart forslag til innstilling samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2015 for kontrollutvalet.

## **PS 56/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring**

### **Forslag til vedtak**

1. Av tilbakemeldinga går det fram at det er sett i gang mange positive prosessar for å følgje opp tilrådingane i rapporten og at nokre av punkta er ferdig implementert. Kontrollutvalet registrerer likevel at fleire av tiltaka ikkje er ferdigstilt enno, men det er planlagt at det meste skal vera på plass innan utgangen av første halvår 2016.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny oppdatert skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av forvaltningsrevisjon prosjektstyring innan 1.9.2016.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Av tilbakemeldinga går det fram at det er sett i gang mange positive prosesser for å følge opp tilrådingane i rapporten og at nokre av punkta er ferdig implementert. Kontrollutvalet registerer likevel at fleire av tiltaka ikkje er ferdigstilt enno, men det er planlagt at det meste skal vera på plass innan utgangen av første halvår 2016.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny oppdatert skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av forvaltningsrevisjon prosjektstyring innan 1.9.2016.

## **PS 57/16 Forvaltningsrevisjon av NDLA II - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av NDLA II og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Møtet vart lukka under delar av orienteringa med heimel i kommunelova § 31.3.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **PS 58/16 Forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosjektleiar i Deloitte, Gunnar Husabø, tar kontakt med sekretariatet for å avtale leveringsdato.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Prosjektleiar i Deloitte, Gunnar Husabø, tar kontakt med sekretariatet for å avtale leveringsdato.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

## **PS 59/16 Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Rekneskapsresultatet hittil i 2016 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Handsaming i møte**

Kontrollsjef Hogne Haktorson presenterte rekneskapsresultata hittil i 2016 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Rekneskapsresultatet hittil i 2016 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

## **PS 60/16 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Handsaming i møte**

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- |  |                                      |
|--|--------------------------------------|
| • Fylkesutvalet                                  | 17.03. og 20.04.2016                 |
| • Utval for kultur, idrett og regional utvikling | 13.04.2016                           |
| • Utval for opplæring og helse                   | 10.02., 08.03., 10.03. og 07.04.2016 |
| • Utval for miljø og samferdsel                  | 07.04.2016                           |

Møteprotokollane frå møta 10.03. og 07.04.16 i utval for opplæring og helse vert utsett til neste møte.

Etter dette vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Møteprotokollane frå møta 10.03. og 07.04.16 i utval for opplæring og helse vert utsett til neste møte.
2. Kontrollutvalet tek elles møtebøkene til orientering.

## **PS 61/16 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Handsaming i møte**

#### **Vedtak**

Referatsakene vart tekne til orientering.

## **PS 62/16 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.05.2016**

#### **Handsaming i møte**

##### **Vedtak**

Det kom ikkje noko fram under dette punktet.